



Einebustad med dobbel garasje og boder ligg sentralt til i Uskedalen, med utsikt i alle retningar.

**Einebustad med adresse Geilo 18 vert seld med det fyrste. Familien vil i denne omgang gjera dette kjend lokalt og ved innlegg på Uskedalen.no. Bustaden, bygd i 1993, har ei golvflate på eit plan på 124 rutemeter. Dobbelt garasje med boder høyrer med til salet. Tomten utgjer eit areal på 2,465 dekar Tomten går til sjø i nord mot Beinavikjo.**

Geilo 18 ligg sentralt og vakkert til på eit høgdedrag med fri sikt mellom anna til Myklebust kai, båthamna, Eik, Steinsletto og Eikedalen/ Mannen. Mot nord er det utsikt inn Storsund og til dei mektige Rosendalsfjella. Tomta er funksjonelt og lett tilrettelagt med lite plen og blomebed. Mykje av arealet er naturleg og vedlikehaldsfritt.

Det er gangavstand til butikk, skule, barnehage, idrettsanlegg, båthamn og andre sentrumsfunksjonar

Huset med tilhøyrande areal vert seld med bakgrunn i takst og høgaste bod. Meir informasjon kan ein få ved å venda seg til Frank Eikeland på mobil 918 81 738. Det vert lagt til rette for visning etter avtale.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal